



KVINNHERAD
K O M M U N E

Sektor Teknikk og Miljø

Vidar Fossheim
Guddalsvegen 17

5472 Seimsfoss

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
Grethe Sandvik	918 99 796	2022/539-49		08.02.2023

Kjøp av grunn - arealoverføring av grunn frå 91/5 til kommunal eigedom 91/168 - Buavika

Viser til sak vedrørande arealoverføring av areal frå 91/5 til kommunal eigedom 91/168 i samband med bygging av ny veg Buavika. Etter at arbeidet er avslutta er det avtalt at kommunen skal søkja om arealoverføring mellom seljar sin eigedom 91/5 til kommunal eigedom 91/168. For eigedommen 91/5 så er det avtalt at kommunen får kjøpe eit areal på ca 398 m2.

Den 29.11.2021 rekvirerte eg oppmålingsforretning for dei eigedommane der det er avtale om kjøp av grunn for ny veg Buavika. Saksbehandlar for oppmålingsforretninga har vore oppmålingsingeniør, Vilde Røyrvik Grøtte. Oppmålingsforretning blei gjennomført dato 11.02.2022. Protokoll for oppmålingsforretninga, mottatt 9.03.2022 viser at ca 304 m2 vart overført frå 91/5 til 91/168.

Vederlag for grunn er ut frå avtale datert 25.11.2020 sett til kr 25,- pr m2.

Vederlag for grunn vert ut frå dette: kr 25,- pr m2 x 304 m2 = kr 7 600,-.

Kommunen betaler rente for kjøpesummen frå den da eigedommen er teken i bruk og fram til utbetaling av vederlag. Renta skal vere lik kommunen sin konserntrente i perioden. Det er oppgitt at prosjektarbeidet vart oppstarta 30.03.2021 med skogrydding og rigging. Ut frå dette er vederlag pluss renter pr 10.02.2023 berekna til kr 7862,-.

I følgje avtale så skal det etablerast natursteinsmur med flekkverksgjerde på toppen i grense mot veg. I resterande grense mellom veg og beite/friareal på 91/5 skal grunneigar sjølv ha ansvar for å sette opp gjerde og port om han finn behov for dette. Erstatning for oppsetting og framtidig vedlikehald av gjerde og port vert sett til kr 400,- pr lm. I dag har eg målt inn avstand 8,5 lm. Erstatning vert ut frå dette: kr 400 pr lm x 8,5 lm = kr 3 400,-.

Kommunen skal dekkje grunneigar sine kostnader knytt til pantefråfall for areal. Grunneigar har stadfesta at Landkreditt Bank har tatt eit behandlingsgebyr på kr 1000,- for pantefråfall av arealet.

Med bakgrunn i dette vert kjøpesum for arealoverføring, kjøp av grunn, del av 91/5 og renter, samla kr 7862,-, erstatning for gjerde/port kr 3400,-, samt kostnader ved pantefråfall kr 1000,-, totalt samla kr 12 262,- bli overført til din konto med forfall snarast råd. Innbetalinga vert merka: vederlag grunnkjøp 91/5.

Dersom det er spørsmål eller merknader til saka så ber eg om at du tar kontakt med meg på tlf 918 99 796 eller e-post: grethe.sandvik@kvinnherad.kommune.no.

Med helsing
KVINNHERAD KOMMUNE

Grethe Sandvik
Rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.